

Sagastad

6770 Nordfjordeid

Oktober 2018



S A G A S T A D

Oppdrag frå Sagastad til 9A

Sagastad skal vere eit kombinert viten- og opplevelingssenter og er under bygging ved fjorden i Nordfjordeid sentrum. Ein sentral del av utstillinga i Sagastad er Myklebustskipet, truleg det største vikingsskipet ein har funne restane av i Noreg. Skipet skal byggjast i full målestokk, ca. 30 m langt og 6,5 m breitt. Skipet skal kunne seglast på fjorden, men vil store deler av året vere utstilt i og vere ein av hovudattraksjonane i Sagastad.

Utgiftene Sagastad har til å drive senteret må dekkast av billettinntekter, sal av suvenirar og eventuelle sponsormidlar. Sagastad ønskjer hjelp frå 9A til å fastsetje prisen på inngangsbillettar (vaksne, barn og grupper) og ein suvenir som ein skal selje til besøkande sommaren 2019.

Utgifter:

Husleige: 2 500 000 kr pr. år

Løn: Faste stillingar: 525 000 kr inkl. sosiale utgifter pr. 100 % stilling pr. år

Timeløna stillingar: 200,- kr pr. time inkl. sosiale utgifter

Andre driftsutgifter: ?????

Forteneste: Dette må gruppa di vurdere

Suvenirene skal lagast av materialrestar av tre som er igjen etter bygginga av vikingsskipet. De må sjølve legge inn kostnadene til å lage produktet (frå trebit til ferdigbrukt). I tillegg må de legg inn deler av Sagastad sine utgifter og forteneste. Prisen skal vere inkludert meirverdiavgift (mva).

Oppdrag:

- 1) De skal gi ei tilråding til inngangsprisar til viten- og opplevelingssenteret Sagastad. Til rådinga skal bygge på vurderingar som de gjer utifrå Sagastad sine utgifter/forteneste, kor mange besøkande de meiner Sagastad vil få og kva som er ein «fornuftig» pris.
- 2) Forslag til suvenir som Sagastad kan selje sommaren 2019. De skal lage ei skisse/teikning av produktet med målestokk. I tillegg til priskalkyle og salspris inkl. mva.

De skal lage ein presentasjon som de skal halde for meg 5. november. Presentasjonen skal få fram kva vurderingar gruppa har gjennomført undervegs. I tillegg til priskalkylar, vurderingar og tilråding.

Med helsing

Solveig Midtbø